
Vår referanse 2020/44924-6
Dato 17.07.2020

Pwange

Fv. 57 - Endra dispensasjon fra byggegrense - Etablering minirenseanlegg - gnr 96 bnr 4 - Alver kommune

Viser til førespurnad av 30.06.2020 om endra avstand i samband med dispensasjon frå byggegrense.

I dispensasjon frå byggegrense mot veg, datert 26.06.2020 og med referansenummer 2020/44924-4 er avstand mot fv. 57 sett til 39 meter. Det er bede om at denne dispensasjonen vert endra, slik at avstand til vegmidte vert 29 meter.

Vedtak

Med heimel i veglova [§ 30](#) og [§ 34](#) gir vi dispensasjon frå byggegrensa mot fylkesveg 57 for å etablere minirenseanelegg på gnr. 96 bnr. 4 i Alver kommune. Denne dispensasjonen erstattar tidlegare dispensasjon med referansenummer 2020/44925-4.

Vilkår for dispensasjonen

1. Tiltaket skal vera i samsvar med situasjonsplan, datert 10.03.2020.
2. Avstanden frå reinseanlegget til senterlina på fv. 57 skal vera minst 29 meter.
3. Tiltaket må ikkje brukast til andre føremål enn det dispensasjonen gjeld.
4. Det kan ikkje krevjast erstatning for skadar og ulemper som følgje av at bygninga/innretninga ligg nær fylkesveg [57].
5. Arbeidet må vera starta opp innan tre - 3 - år frå dispensasjonen er gitt, om ikkje fell dispensasjonen bort.

Bakgrunn for vedtaket

Byggegrensene skal ta vare på trafikktryggleik, vedlikehald og drift av vegnettet, arealbehov ved ei eventuell utviding av vegen, og miljøet på eigedomane langs vegen.

Det er søkt om å etablere minirenseanlegg til ein eksisterande fritidsbustad. Reinseanlegget vert gravd ned omlag 29 meter frå vegmidte, medan avløp vert ført i tette rør retning bekk om lag 10 meter frå vegmidte, og som drenerer til vidare til Skodvinvatnet. Alver kommune har gjeve løyve til tiltaket i vedtak av 28.05.2020. Tiltaket vil liggje utanfor vegen si tryggleikssone og ikkje hindre sikt for køyrande på fv. 57.

Rett til å klage

Ein kan klage på vedtaket, jf. forvaltningslova [§ 28](#). Informasjon om å sette fram klage, går fram av skjemaet [«Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak»](#). Fristen for å klage er tre veker frå vedtaket vart motteke. Klageinstansen er Klagenemnda for Vestland fylkeskommune. Send klagen til Vestland fylkeskommune, post@vlfk.no eller Postboks 7900, 5020 BERGEN. Klagen vil bli sendt vidare til klageinstansen.

Du har rett til å gjere deg kjent med saka sine dokument, jf. forvaltningslova [§ 18](#).

Med helsing

Janne Grønli
Overingeniør

Linn Kathrin Bakke
overingeniør

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Situasjonsplan minireinseanlegg
- 2 Lov om vegar §§29 og 30
- 3 Melding om rett til å klage nynorsk

Kopi til:

Alver kommune Postboks 4